

Kommunedelplan for Naturmangfald i Austrheim kommune - Oppstart av planarbeid

Formannskapet vedtok i sak 032/22 den 24.03.2022 at planarbeid for **Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim kommune** vert starta opp. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 11-12.

Målet med kommunedelplanen er å få ein samla oversikt og ein heilskapleg framstilling av naturmangfaldet i kommunen. Det vil og kunne føra til auka interesse for folk flest for naturen vår og for dei ulike artane me kan finna i kommunen. Ein slik kommunedelplan vil kommunen bruka som eit verkty for å få ein så god arealforvaltning som mogeleg framover. Også for bønder og grunneigarar som ynskjer å ta vare på kystlyngheia og naturbeiteområda/kulturlandskapa sine vil dette vera ein nyttig kunnskap. Dette planarbeidet kan og verta eit viktig verkty i arbeidet med å forvalta sjøareala på ein god og berekraftig måte framover. Me vil i dette arbeidet få meir kunnskap om dei marine naturtypene i kommunen.

Du kan lesa om planoppstarten på kommunehuset eller på Austrheim kommune si heimeside: <https://www.austrheim.kommune.no/innhald/politikk-og-administrasjon/offentlege-hoyringar/>

Innspel til dette planarbeidet må sendast til Austrheim kommune innan 10. mai 2022. Adresse er: Austrheim kommune, Sætremarka 2, 5943 Austrheim eller på e-post: post@austrheim.kommune.no.

Kommunedirektøren